



Skuleskyssen kan føra til at det ikkje vert full skuleveke på alle ungdomsskuleelevane.

**Skuleskyssen kan setja ein stoppar for full skuleveke for alle klassane på ungdomsskulen. Dersom ein ikkje kjem fram til ei løysing med Skyss, går det mot at 8. og 9. klasse berre får ein dag på skulen i veka. Avgangselevane i 10. klasse vert prioritert med full skuleveke.**

Så langt Uskedalen.no kjenner til er det ikkje finne ei løysing på skuleskyssen i løpet av helga. Bussane må køyra med 50 % belegg og dersom ikkje Skyss set opp ekstra bussar, må nokon vera heime. Bussane er underlagt smittevernreglane som gjeld for all persontransport.

Foreldra til elevane i Omvikkaldalen vil ta skuleskyssen i eigne hender med privat transport. Det kan føra til at ein buss er ledig for oppdrag på dei lengste rutene og dermed kan starta i Uskedalen. Vi kjenner ikkje til om dette vert ei mellombels løysing.

Problemet med skuleskyss er ikkje lokalt for Kvinnherad. I Vestland Fylke er det 450 skular med 27000 elevar. Mange ventar på ei løysing om skuleskyssen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal